



## Sluttrapport frå kontroll av forvaltninga av utvalde tilskotsordningar i landbruket

Kontrollert eining	Valle kommune	Kontrollpersonar frå Fylkesmannen i Agder	Hans Bach-Evensen og Kjellfrid Straume	
		Kontrolldato	08.05.2019	
Kontrollomfang	Ordninga produksjonstilskot i jordbruket 2018	Dato for sluttrapport	31.05.2019	
Deltakarar frå kommunen				
Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Gunn Marith Homme	Leiar velkomstsenter	X	X	X

### Innhaldet i rapporten

Rapporten er utarbeida etter gjennomført forvaltningskontroll i Valle kommune innan produksjonstilskot i jordbruket for året 2018 (PT). Den skildrar eventuelle avvik og merknader som vart avdekkja innan dei kontrollerte områda. Dette betyr at rapporten i mindre grad fokuserer på områder som etter Fylkesmannen si vurdering fungerer godt eller tilfredsstillande.

Når kontrollen avdekkjer manglar i kommunen si forvaltning av ordninga, vert desse klassifisert som avvik eller merknad.

- **Avvik** er mangel på oppfylling av krav til forvaltninga av ordninga som er fastsett i
  - Reglement for økonomistyring i staten § 14 og § 15 andre ledd
  - styrande dokument
  - regelverket og/eller retningslinjene for ordninga
- **Merknad** er tilhøve som ikkje er i strid med krav, men der Fylkesmannen finn grunn til å påpeika trong for forbetring.

I nokre tilfelle kan det i kontrollen avdekkjast tilhøve som ikkje direkte kan knytast til klassifikasjonane som nemnt over eller tilhøve som omhandlar regelverk som ligg utanfor heimelsgrunnlaget for kontrollen. Slike tilhøve kan likevel ha betydning for forvaltninga av ordninga og vert eventuelt skildra av Fylkesmannen som **Andre forhold**.



### **Bakgrunn for kontrollen**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar vert brukt og forvalta i samsvar med føresetnadane. Forvaltningskontrollen har heimelsgrunnlag i Økonomireglementet i staten (§ 15), og med bakgrunn i *Virksomhets- og økonomiinstruks fra Landbruksdirektoratet for 2019* og i *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*. Ved å avdekkja eventuelle avvik og brot på regelverk og rutinar vil dette kunne hjelpa kommunen fram mot ein sikrare, betre og meir effektiv forvaltning av produksjonstilskotsordninga.

### **Gjennomføring og omfang**

Kontrollen vart gjennomført etter fastlagt plan som opplyst i varselbrevet om kontrollen. Kontrollen omfatta kommunen si forvaltning av produksjonstilskotsordninga (PT) sett opp mot regelverk og retningslinjer. Dette gjaldt m.a. kommunens mottak og behandling av søknader, kontroll og godkjenning av areal, gjennomføring av risikobasert kontroll, kontroll av grunnvilkår og fattning av vedtak.

Det var ingen frå leiinga i kommunen til stades på kontrolldagen grunna inntrefte forhold etter at kontrollen blei planlagt og fastlagt. Ansvarleg saksbehandlar vart einaste representant for kommunen i opnings- og sluttmøtet. Fylkesmannen ynskjer difor her å presisere at ansvar for forvaltninga av produksjonstilskot ligg hjå kommunen og må vere godt forankra hjå leiinga.

### **Oppsummering av funn og faktiske forhold**

Saksbehandlar har hatt ordninga i 2018 og delar av 2017. Gjennom intervjurunda fekk me eit godt inntrykk av forvaltninga av produksjonstilskota i 2018. Saksbehandlar har gjort mykje etter sin inngang i forvaltninga for å sikre kommunen sin praksis og rutinar mot gjeldande retningslinjer og regelverk. Fylkesmannen har kontrollert forvaltninga i 2018, og det er relativt tydeleg at det i 2018 var etablert ein praksis som i det vesentlegaste er i tråd med regelverk og retningslinjer. Dagens etablerte praksis er eit godt utgangspunkt for å sikre kontinuitet og struktur i forvaltninga framover.

Det vart ikkje avdekka avvik ved forvaltninga av produksjonstilskot i Valle kommunen for 2018. Vi har nokre merknader som kommunen bør ta med i forbetningsarbeidet med forvaltninga av produksjonstilskot. I all hovudsak peiker merknadene på eit potensial i å strukturere rutinar og praksis mot gjeldande rundskriv knytta til forvaltninga av produksjonstilskot.

**Funn 1: Kommunen har ikkje sjekka søknad om økologisk produksjon mot Debio.**

**Merknad:** Kommunen har ikkje rutine eller praksis på å sjekka søknader om tilskot til økologisk produksjon mot opplysningar i Debio.

**Faktiske forhold:** Søknader om tilskot til økologiske produksjonar vert sakshandsama på lik linje med andre søknader. Kommunen har søkjarar med økologisk produksjon.

**Krav/føringar:** Rundskriv om saksbehandlingsrutiner ved søknad om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket 2018-31 pkt. 6.6..1.2

*Det gjøres maskinell kontroll av om foretaket er registrert i Debio sitt register, se beskrivelse av kontrollen i kapittel 4.2.4. Hvilke vekster den økologiske godkjenningen gjelder for, og om veksten det søkes tilskudd for er i andre karensår eller i økologisk produksjon, må imidlertid kommunen undersøke ved oppslag i Debios registreringer, som er tilgjengelige på Debio sine nettsider.*

Rundskriv 2018-31 pkt. 6.7.1.7

*Fordi kontrollen mot Debios register ikke sjekker hvilke dyreslag den økologiske godkjenningen gjelder for, må dette kontrolleres mot Debios registreringer, som er tilgjengelige på Debio sine nettsider. Se mer om oppslag på Debios nettside i kapittel 6.6.1.2*

**Fylkesmannens vurdering:** Søknader om økologisk produksjon manglar sakshandsaming som skildra i rundskrivet. Sjølv om den maskinelle kontrollen gir opplysningar om søkjar er registrert i Debio, ligg det ein restinformasjon som ikkje kjem fram om dei faktiske produksjonane er godkjent eller ikkje. I forvaltningskontrollen kjem det for øvrig ikkje fram at økologiske produksjonar er risikovurdert på andre måter. Kommunen bør difor leggje rundskrivets omtale av kontroll av økologiske produksjonar til grunn for framtida.

**Funn 2: Kommunen bør har eit skriftleg dokument med planen sin for risikobasert kontroll.**

**Merknad:** Risikovurderingar om produksjonstilskot vert gjort, men bør dokumenterast skriftleg, sjå rundskriv 2018-31, pkt. 5.2.1

**Faktiske forhold:** For 2018 har kommunen konsentrert risikobasert kontroll rundt gjødselplan og grovfôr for sal då ein meinte at det var sannsynleg med manglar/feil. Kontrollane er gjennomførte og kommunen gjorde ein oppfølging av funna både mot dei kontrollerte, men også mot andre føretak ved informasjon rundt vilkåra for gjødselplan. Kommunen har ingen skriftlege planer eller risikovurderingar utover det dei gjennomførte kontrollane.

**Krav/føringar:**

Reglement for økonomistyring i staten 6.3.8.2. Kontroll av informasjon fra tilskuddsmottaker.



*Tilskuddsforvalter skal kontrollere informasjonen mottakeren sender inn som har betydning for tilskuddsforvalters beregning av tilskuddsbeløp og tildeling. Gjennomførte kontrolltiltak skal dokumenteres på en tilfredsstillende måte. [...] Kontrollen skal tilpasses den enkelte tilskuddsordning og skal vurderes i forhold til målet med ordningen. Kontrollen skal ha et rimelig omfang i forhold til nytten og kostnadene ved kontrollen. Tilskuddsforvalter skal kartlegge henholdsvis risiko for at det oppstår feil på grunn av problemer med fortolkning av tilskuddsvilkårene og risiko for uregelmessigheter. Ut fra en vurdering av det samlede risikonivå og hva som er de vesentligste risikomomentene, skal det fastsettes hvilke kontrollpunkter som er mest aktuelle, og hvem som skal foreta kontrollen.*

Rundskriv om saksbehandlingsrutiner ved søknad om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket 2018-31 2018-31 pkt. 5.2.1

*Kommunen bør ha et skriftlig dokument med sin plan for risikobasert kontroll av søknadene. I dette dokumentet beskrives de vurderinger og prioriteringer som ligger til grunn for utvalget av søknader til årets kontroll. Planen lages før søknadsomgangen starter.*

*• Dokumentet må beskrive hvilke deler av produksjons- og avløsertilskuddet som anses å ha størst generell risiko i egen kommune.*

*• Kommunen bør og legge inn konkrete risikoindikatorer som saksbehandler må være oppmerksom på i saksbehandlingen sin, eventuelt konkrete foretak som man har blitt oppmerksomme på i tidligere søknadsomganger og ønsker å følge opp senere.*

*Kontrollpunktene skal være styrende for hva som skal kontrolleres og hva som ikke skal kontrolleres av informasjon som er mottatt fra søker.*

**Fylkesmannens vurdering:** Ei overordna risikovurdering krev at kommunen, i tillegg til dei generelle, vurderer forholda rundt produksjonstilskot som er spesielle for Valle. Samtidig må dei ulike delane av produksjonstilskotet vektast etter kor sannsynleg det er med feil og konsekvens av feila. Saman vil dette gi eit grunnlag for å gjera ein metodisk tilnærming til kva type foretak som har ein høgare risiko for feil enn andre eller på kva område ein kan forventa feil. Lokal kjennskap vil også spela ei stor rolle.

Fylkesmannen meiner at Valle har hatt ein risikobasert tilnærming i utplukka for 2018. Ein skriftleg plan/skriftleg dokument ville dokumentert arbeidet og vert et godt bidrag til vidareføring og utvikling av risikobasert kontroll.

**Funn 3 : Kommunen har ikkje vurdert avkorting for feilopplysning ved manglande gjødselplan (der søkjar har svart ja på at han har plan. Kommunen har vurdert avkorting i andre saker ved feilopplysning. )**

**Merknad:** Feilopplysningar om gjødselplan skal vurderast for avkorting på lik linje med andre feilopplysningar i søknad om produksjonstilskot.

**Faktiske forhold:** Kommunen har vurdert avkorting og avkorta i tilfelle der søkjar ikkje har gjødselplan eller mangelfull gjødselplan etter § 11 i forskrift om produksjonstilskot, andre ledd. Det kjem ikkje fram om kommunen har vurdert avkorting etter § 12 (Avkorting ved feilopplysning) i desse sakene i tillegg.



I andre saker om feilopplysning som ikkje omhandlar gjødselplan har kommunen vurdert avkorting.

**Krav/føringar:**

Forskrift om produksjonstilskot § 12. *Avkorting ved feilopplysninger*

*Dersom foretaket uaktsomt eller forsettlig har gitt feil opplysninger i søknaden som har eller ville dannet grunnlag for en urettmessig utbetaling av tilskuddet for seg selv eller andre, kan hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes. Tilskuddet kan også avkortes dersom foretaket ikke overholder de frister som kommunen, fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har satt for å kunne utføre sine kontrolloppgaver i medhold av § 10.*

Komentarrundskrivet 2018-30

*I § 11 andre og tredje ledd er det inntatt særlege bestemmelse om avkorting ved brudd på forskrift om gjødslingsplanlegging og manglende føring av journal over plantevernmidler. Dersom foretaket er pålagt å ha gjødslingsplan og/eller journal over plantevernmidler, og foretaket ikke har dette eller planen/journalen er mangelfull, skal det avkortes i tilskuddet. Der foretaket har kryssset av for at det har journal over plantevernmidler og/eller gjødslingsplan som er i samsvar med forskriftene, og det ved kontroll oppdages at journalen og/eller planen er manglende eller mangelfull, skal saksbehandlar også vurdere om foretaket skal avkortes for feilopplysning etter § 12.*

**Fylkesmannens vurdering:** Merknaden blei raskt fanga opp av saksbehandlar i løpet av forvaltningskontrollen og er ein bevisstgjerung på forskjellen mellom avkortingsvurdering på manglende gjødselplan og avkortingsvurdering for feilopplysning i tillegg.

Fylkesmannen vurderer at kommunen i 2018 har vurdert avkorting ved feilopplysningar generelt i forvaltninga av produksjonstilskot, men at det i sakene som omhandla gjødselplan ikkje kjem fram vurdering av avkorting. Fylkesmannen anbefalar at rutinar oppdateres på dette punktet til dømes med støtte i sjekklister.